



Rodney var flink til å læra frå seg

Rodney Sutton frå sauelandet New Zealand held framleis verdsrekordane i klypping som er 721 vaksne og 839 lam på ni timar. Og han har klypt eit lam på 14 sekund!

I dag har han vore frontfiguren i klyppekurset til det lokale sau- og geitlagslaget og vist at han ikkje berre er rask - han er også flink til å lære andre kunsten.

Saman med briten Rick Wanright har han vore ein god læremeister for 15 oppdrettarar frå Kvinnherad og Odda.



Uskedelingen Kåre Kristoffersen - i grønt til høyre - jobbar også på Fatland

Men aller mest fornøgd har nok bygdas største sauebonde og vert for kurset Olav Hjetland Bringedal vore. Han fekk på få timar klypt alle 170 dyr som skulle klyppast i det nye sauefjøset på Myklebust. På under halvannen time gjorde Rodney og Rick unna rundt 100 og då sto det att 70 som skulle ha rolla som kursobjektar.



Vert Olav følger imponert med i meisterens tekniske operasjonar

Dei 2 superklypparane jobbar på Flatland og det gjer også uskedelingen Kåre Kristoffersen. Han fortel at dei no slaktar rundt 100 000 sauer i sesongen og då kan ein lett forstå at det er behov for raske klypparar. Men talet har gått noko ned i dei seinare åra etter å ha vore oppe i rundt 120 000. Rodney trivs tydelegvis på Fatland ettersom han kjem att år etter år. Han og britten har også med sine betre halvdelar under arbeidsøktane sine i Noreg og dei var også med til Uskedalen.

Kurset her inngjekk i programmet NY GIV FOR SAUEN I HORDALAND. Alt tyder på at kurset var eit viktig og inspirerande innslag i dette. Det er no rundt 100 medlemmer i det lokale laget i Kvinnherad,

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Rodney held framleis fleire verdsrekordar